



Gimmicken som nesten ingen veit kva er, er under utvikling. Korga i SPAR som står ved tomgodsautomaten er i ferd med å fyllast med avdanka bh-ar (biletet) men den anonyme som står bak er stadig like tett med omsyn til å informera. Det einaste vi har fått veta er at noko spennande skal skje søndag.

Bh-ane skal nyttast i ein eller anna samanheng, men kva?
Dei fleste tips går i retning av ei eller anna form for opphenging
og at det heile har noko å gjera med Morsdagen,

uskedalen.no jobbar med saka og vonar å få ut meir
informasjon i løpet av dagen. Men vi jobbar under
vanskelege tilhøve fordi det heile er strengt hemmeleg!